

Denne teksten byggjar fritt vidare på mitt essay *Sinnet sitt handlag* i magasinet Billedkunst #2 2021(<https://www.norskebilledkunstnere.no/billedkunst/aktuelt/sinnet-sitt-handlag/>), Seminardagen Agenda *Outsider Art, tilgjengelegheit, openheit og framandgjeri* i regi av Kunst og Handverk ved Kunsthøgskolen i Oslo 22 oktober 2021(<https://khio.no/events/1332>), samt mitt arbeid ved Aurora Verksted SA over dei siste 6 åra men spesielt mine samtalar med min kollega Jenni Røssum Staxrud.

Å leia, rettleia eller villeia

Ei læresetning som fylgjer frå barndommen er at du alltid skal prøve å setje deg i nokon andre sine sko, «tenk om situasjonen var snudd,» og den ofte gjentatte liturgien, også kjend som den gylne regel: «Alt du vil at andre skal gjøre mot dere, skal også dere gjøre mot dem.» (Matteusevangeliet 7,12) Denne setninga eksisterer i eit utal variasjonar – både i positiv og negativ forstand – men der alle variasjonane peikar mot det sama: Det å kunne kjenna att nokon og det å kunne opptre godt mot sine medmenneskjer. Det ein også må ta med i denne likninga, er at dette krev at ein skiftar perspektiv, at ein ser på sine omgjevnader og medmennesker ikkje kun frå sitt eget perspektiv, men også frå det perspektivtill den andre. Du må med andre ord sjå den du samhandlar med som likeverdig med deg sjølv, men samstundes må ein også då sjå, respektere, og forstå det som skil dykk frå kvarandre.

Eg skal nytte nokon få ord her for å snakke om kreativt arbeid med mennesker med nedsatt fysisk og psykisk funksjonsemne ved Aurora Verksted SA. Men eg må fyrst sei at eg snakkar om kollegaene mine, dette er menneskjer eg jobbar saman med, som eg et, ler og snakkar med nærast kvar dag, so for meg er dei linene som skilljer oss meir uklare. Det er her dei famøse læresetningane kjem inn i fokus, det at forskjellene minskar, og forståinga veks, kun gjennom dette samhaldet. Eg vil difor i denne teksten heretter kun nytta termen kollegaer, med den forvirringa dette kan medføra for deg som lesar, men der denne forvirringa også er viktig at du tek del i når en skal forstå det kreative arbeidet hos oss.

Ved Aurora Verksted SA arbeider me på tvers av ulike verkstader og uttrykk. Nokon av verkstadane legg fokuset på design og produksjon, andre fokusere på tilrettelegging, og nokon på kreative uttrykk og arbeidet kring det – men deler av dei ulike fokusa vil vera til stades på alle verkstader. Det er med andre ord fleire forskjellige metodar i arbeid. Når me kjem til den frie, kreative delen som inkluderer teikning, maling, skulptur og installasjon so er dette arbeidet meir individuelt, sjølv om ein samarbeider om delar av eitt arbeid, eller noko byrjar og andre fullføre, so er fokuset på det individuelle uttrykk og som alltid er nært knytta til den personen som gjer det. Dette arbeidet som mine kollegaer skapar vil kunne settjast inn i det større bilete, konteksten og historien av Outsider Art.

Outsider Art

Når eitt menneskje, utanfor kunstinstitusjonar, og samfunnet som so, skapar estetiske objekt som ikkje har noko funksjon utanfor ideane lagt ned i det og deira utforming, skilljer ein ofte dette frå det større begrepet «kunst,» og nyttar heller nemninga Outsider Art, Rå Kunst eller Art Brut. Ulike namn på det same uttrykket, med den skilnaden at ulike personar opp gjennom historia har namngjeve det same uttrykket. Outsider Art som term vart fyrst definert av den britiske kunstkritikaren Roger Cardinal, i 1972 frå boka med same namn (*Outsider art*), men der historia og organiseringen av denne typen kunst kan sporast tilbake til 1920 talet og den sveitsiske legen og kunsthistorikaren Hans Prinzhorn (1886–1933) som byrja å samle inn kunst frå psykiatriske institusjonar og i 1922 gav ut boka *Bildneri der Geisteskranken*. Utgjevinga frå Prinzhorn var ein av dei fyrste publikasjonane som ikkje kun omtalte denne kunsten ut ifrå enkelindividida som skapa dei, men også estetiske standarar, og i samtida revulusjonerte det korleis ein tenkte kring denne typen kunst og inspirerte kjende kunstnarar som Paul Klee, Max Ernst og Jean Dubuffet – Dubuffet vart ein viktig person i definisjonen av denne typen kunst men nytta då termen Art Brut, før termen Outsider Art vart introdusert av Cardinal i 1972. Og gjennom historia har Outsider Art gått gjennom fleire utviklingar i korleis det vert sett utanfrå – delar av samlinga til Prinzhorn vart vist i utstillinga «Entartete Kunst» i München i 1937 saman med verk av jødar, sosialister og dåtidens avantgarde og var eitt ledd i skremselspropagandaen frå Det nasjonalsosialistiske tyske arbeiderparti (NSDAP) for å vise denne kunsten som sjukleg og degenererande – og ofte so har Outsider Art vorte definert, og tenkt på som ei form for behandlingsform, diagnoseverktøy og terapi skapa innanfor rammene til institusjonar, der dei då mistar sin status som kunst, og kun vart eit utslag for ei eller anna liding og/eller behandling. Og det er ofte denne spagaten Outsider Art kan hamna i: På den eine sida er det kunst ut ifrå reine estetiske standarar som inspirerer og utvidar vår forståing av

verda, og på den andre sida uløyseleg frå enkeltmenneske si historie og bakgrunn og vert ofte sett som eit teikn på ein diagnose, eller situasjon som gjev eit bilete på nokon som er “utanfor.”

Når me kjem til dette skiljet må me stille nokon viktige spørsmålet i vårt arbeid: Korleis skal me forstå det uttrykket ein skapar? Korleis skal me forstå vår eigen rolle kring det å leie eller rettleie for skapinga av kunst? Eller vil me alltid i dette arbeidet villeia dei vekk frå deira eiga uttrykk? Kanskje problemet med å kalle det me gjer ved Aurora Versted SA Outsider Art er at me er so godt forankra på innsida av det me gjer at me ikkje ser oss sjølv som utanfor. Me sit saman, me samtalar, og me deler. Denne delinga kjem i dei situasjonane frå begge partar, i eit jamnt utbytte – som vår kollega Jenni Røssum Staxrud skriv so innsiktsfullt om kring relasjonar i dette magasinet – slik at det vert vanskeleg for oss å settja det me gjer som på utsida av noko som helst, av di me er der saman og deltar i eitt felleskap.

Når me alle sit på ein klode er det vanskeleg å tenkja seg nokon i verdsrommet

Stridens kjerne i vårt arbeid, og i Outsider Art generelt er om ein kan, eller bør, komma frå ei tenkt innsida og trekkje noko inn frå ei tenkt utsida, og samstundes definerer noko som kunst, og noko anna som då ikkje kunst. Spørsmålet me må spørja oss då er kven det er som held definisjonsmakta? Er det personen innanfrå som skal koma og trekkje noko inn frå utsida? Eller bør nokon utanfrå halda den? Eller ville det vera meir riktig at ein kan komme fram til det saman med kunstnaren, gjennom samtalar, arbeid, og utvikling?

Av di premissene for kva som gjer noko til kunst eller ikkje, kan vera ulne. Det er derfor me har det me kallar eit profesjonelt kunstfelt, der utstillingar, utdanning, erfaring og kvalitet – blant mange andre faktorar – vil kunne definere det ein gjer som tilhøyrande denne verda. Og her byrjer det å verta komplisert, av di på eitt plan må det vera nokon inne, og nokon ute, slik at ikkje alle uttrykk vert kunst. Og sjølv om ein gjennom konseptuell kunst og ulike røyrslar som Dadaisme, Situasjonisme, Fluxus og fleire samtidige røyrslar og enkeltkunstnarar har forsøkt å bryte muren mellom det kvardagslege og kunsten, so har dette vore meir for at kunst skal kunne tala eit breiare språk, og ikkje kun vera tilgjengelig og omhandle ein elite i samfunnet. Det er sett i dette ljoset at det er viktig at stemmer som kanskje ikkje kan tala lika klart sjølv vil trenge ei hand, treng å verta lyfta, og å kjenna att det dei sjølv lagar som å tilhøyre ei verd som ikkje defineres gjennom utanfor eller innanfor, men ein heilskap som inkluderar deira stemmer, og i eit felleskap der dei definisjonane ikkje er rådande. Og det er dette felleskapet me ved Aurora Verksted SA byggjer saman som kollegaer, slik at andre kan sjå og forstå oss som ikkje utanfor kunsten – eller samfunnet som så – men som ein del av den og eitt større oss. For å klargjere problemet som eg beskriv ovanfor so skapast det om ein som er innanfor trekkjer inn perspektivene ein sjølv ser som definerande for ei gruppe som er utanfor. Dette skapar ein maktubalanse der definisjonen av det som skapas ikkje tilhøyrer dei menneskja som faktisk skaper det, og gjer ein urett mot begge partar. Av di, dei er ikkje to ulike fraksjonar, men eksisterer på sama plan i same verd om ein forstår premissane for det som skapast, og det dei orda den som skapar nyttar. Så klarer ein å bryte ned skiljelinene som skapar eit utanfor og innanfor, og kjenner att dei stemmene som tilhøyrande autonome menneskjer med ei eiga emne til å sjå, reflektere, og skapa.

Som eitt eksempel kan ein tenkje på nokon som har redusert fysisk røyrslar, der det den personen lagar vil vera eit utslag for kroppen deira, og sjølve gesten vil halda i seg deira kropslege verdforståing eller opplevelse. Om ein set denne forståinga av deira arbeid saman med den norske kunstnaren Jan Groth (1938-2022) sine betraktningar kring streken og gestens uendelege potensiale, der hans teikningar av ein enkel strek med fettstift på papir utgjer hans kunstnararskap der den tolkas om og om igjen, og vert attgjeven i monumentale gobeleng og bronseskulpturar, so kan ein byrje å forstå kraften i ein kropp sin moglegskap, og dermed i streken til ein kropp der rørsle ikkje forhold seg til ein gitt standard. Slik som Karin Hellandsjø seier det i minneordet kring Groth sine arbeid: «Groths strek omsetter psykiske bevegelser til grafiske tegn, til en personlig skrift i et vokabular han gjennom sin kunst har gitt uendelige variasjoner. Den endelige tegningen, det fullkomne uttrykk, eksisterer ikke. Det er selve prosessen og fruktene av den som er av betydning.»¹ Og kanskje so er det noko med å tilbringe tida med dei rørsle, som gjer det mogeleg å utvida vår forståing av deira rørsler, men også gjev eit unikt innblikk i deira tankar, som då gjer ein klar over deira liv og det dei seier med gester, ord, og bilete.

¹ Karin Hellandsjø, «Minneord, Jan Groth (1938-2022)», (2022) Kunstavisen.no

Ei verd av undring og forundring.

Eg har gong etter gong vorten forundra over korleis nokon av mine kollegaer ved Aurora Verksted SA ser og forstår verda, korleis dei omset abstrakte idear til konkrete bilete, og korleis dei vrenger nokon av mine konkrete bilete av verda til dei mest framande formar, farger og idear. Dette igjen gjer at eg må revurdere min eigen lett haltande tankegong kring kunst, men også samfunnets innstilling som so. Samstundes arbeider me ikkje saman for at eg skal halde deira hender, styra ein penn, eller retta på ord og meining. Me er her for å skapa eitt felles rom der einskilde – og tidvis felles – uttrykk kan utviklast gjennom samtalar, samhold, og arbeid. Dette rommet me skapar ved Aurora Verksted SA er også ein viktig del av det kreative arbeidet – men det påverkar alle arbeidsforhold, verkstader og strategiar hos oss – der samtalane vert ein grunnleggjande del av den kreative prosesse, der nokon lyttar til og svarar på bakgrunn av egne erfaringer, og gjennom samhold og øvelse utvikler dei eit sjølvstendig språk, både billedlig og vokalt som kan uttrykke deira tankar og realitetar. Dette språket dei utviklar, og sender ut i verda for andre å sjå, gjer at dei kan kommunisere med samfunnet på ein heilt anna måte, og at samfunnet i tur også kan lære å forstå dei, og relatere. Det er samstundes viktig å minnast at det me gjer er ikkje terapi, det er kreativt arbeid. Sjølv om bearbeiding av følelser og opplevingar kan vera til stades i arbeida, so er dette eit arbeid i uttrykksformer der enderesultatet ikkje er forbedring av eiga psykisk eller fysisk helse, men om å gje dei moglegskapen til å utvikla eit språk som kan omfavne dei sjølv, andre i liknande situasjonar, og alle andre. Målet vert at deira autonome stemme vert ein del av noko større, korkje innanfor eller utanfor, men ein del av samfunnet som vert sett, forstått, og lytta til.

Når ein jobbar med ei gruppe der ein fokuserer på deira eiga uttrykk, stemme, og utviklinga– då tenkjer eg kva som helst gruppe – so må ein som undervisar, ansvarsperson, eller gruppeleiar, spørja seg om ein rettleiar, eller leiar. Forsøker eg i mitt arbeid å leia nokon inn på «riktig» spor, eller rettleier eg dei, ikkje ut ifrå meg, men frå den og der dei er? Det eg snakker om no er ein balansekunst utan like. Og når det kjem til å snakke kring kunst med utgangspunkt i Aurora Verksted SA og våre kollegaer, so må ein stille seg spørsmålet om kven som sit der med definisjonsmakt, lik eg nemnde kring kunst og spesielt Outsider Art. Om nokon «innanfor» lyfter noko «inn», kven er det då som skapar, og kven sine ord kjeme då fram? Men burde ikkje den som skapar vera den som også definerer kva det dei lagar er og seier? Og som i ein korleis som helst anna situasjon der ein arbeider, so spør ein om råd, so korleis skal me forstå vår rolle i relasjon til rettleiing, og ved Aurora Verksted SA, tilrettelegging? Er det slik at me alle vert medskaparar, og at me då trår vekk ifrå Outsider Art? Men om me seier at me lagar Outsider Art, kan verkeleg kollegaene våre vera innanfor?

Outsider Art tradisjonelt har vore definert ved at utøveren har hatt lita, til ingen kontakt med kunstverda, men også ein større grad av utanforskap frå samfunnet. Kva kan ein då lære av dei som ikkje auto-skaper, som i Outsider Art, men som ved Aurora Verksted SA gjennom livet forsøker å finne eitt språk gjennom arbeid, samtalar, samhold og utprøving? Og det er viktig å bemerka her, at ikkje alle kollegaene våre ynskjer å lage kunst. Nokon vil arbeide, og det er deira stoltheit, nokon vil produsere, og kjenner seg vel med den oppgåva, og nokon vedkjenner Aurora Verksted SA hovudsakleg som eitt sosialt rom dei kan dele med andre. Med andre ord, alle dei funksjonane som ein arbeidsstad kan ha, og der me som enekltindivid kan ha ei form for autonomi over det livet me vil leva, og kva det skal inneholde. Men som sagt, ikkje alle kan eller vil lage kunst, men det som er viktig – for kven som helst – er jo å kunne uttrykke seg om sin realitet, og kunne snakke på vegne av seg sjølv, og ikkje verta umedviten talsperson for ei gruppe «utanfor.» For gjennom å sei at nokon er utanfor, innskrenker me då på nokon måter autonomien til dei menneskja? Me må også derfor stille oss kritisk til vår eiga rolle, der ein ikkje skal skillje kunstnar og kunst, og sjå vekk i frå livet kunstnaren lev og den kunstnaren er, den er ein integrert del av korleis dei kan skape det dei gjer. Men, ein må vera forsiktig når ein lyfter fram noko ein *trur* er det ei løst definert gruppe er, avdi då tek me vekk moglegskapen dei har til å kunne definere seg sjølv.

Og sjølv om denne verda me då møter er framand, forunderleg og ukjend, so er den kanskje ikkje utanfor, det er berre det at ein ikkje har sett, forstått, og relatert til stemmene som snakkar til deg. So kanskje må ein også gje seg over til forundringa, og tenkje at verda er ein stad fylt med historiar ein ikkje sjølv er del av, men som er der for at du skal kunne sjå og lære av andre.

Ville vegar leiar også til Rom

For å prøve å samanfatta – ein konklusjon er dessverre umogeleg, og kanskje heller ikkje ynskjeleg – so er det ikkje snakk om å leda ei hand – den kan ikkje leiast – og det er heller ikkje snakk om å villeia ein annan ut på veger der me veit at det *riktige* svaret er – me er so heldige her i vårt felt at *feil* kan ofte verta det mest riktige – men det er snakk her om å verta tatt i handa og gå, saman. Det er å verta forstått som «innanfor», og kunne dele ei verd som ein sjølv kanskje ikkje såg, av di den kun har vore definert frå utsida. Å villeia ville vera om ein seier til ei gruppe at dei skal ha alle rettigheter og moglegskapar som alle andre, tross deira utfordringer, men samstundes nekte dei å ha ei eiga aktiv stemme som kommuniserer frå deira ståstad.

Me må dyrke det som er felles og det einskilde, det som er kjend og det særeigne ved det individuelle, me skal vokse gjennom samvær og samtale, og forstå ikkje kun det biletlege, men også kvar det kjem ifrå. Dette er dei tankane og ideane me skal halda fast i samstundes, og tenkje dei i parallelle liner medan me arbeider *saman*, som *enkelindivid*. Det er inga enkel oppgåve, men so veit me heller ikkje kva svaret skal vera. Det gis ved kvar verk me lager, kva samtale me har, av di ein del av verket me lagar saman er samhaldet, og korleis me kan skapa ei likeverdige verd.